



Frode Larsen  
Lonerenen 27B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2473 - 16/19308

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
07.10.2016

## Godkjenning fritak frå feie-/tilsynsgebyr GBNR 24/117 seksjon nr. 10

**Administrativt vedtak. Saknr: 324/2016**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 06.10.2016, søkt om fritak frå feie - /tilsynsgebyret for husvære på eigedomen gbnr 24/117 snr 10, Lonerenen 27 B. Søknaden er grunngjeven med at husværet ikkje har eldstad.

### Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie - /tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2016.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie - /tilsynsgebyret.

Administrasjonen har vurdert eigar av gbnr 24/117 snr. 10, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie- / tilsynsgebyret for Dykkar husvære på gbnr 24/117, snr. 10, i samsvar med søknad dagsett 06.10.2016. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakere:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond  
Smørdal  
Frode Larsen

Lonerenen 27B 5918

FREKHAUG